



Det kongelige Samferdselsdepartement
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Referanser: 12/1970- M.L. Garnes
Dykkar:
Vår: 14/3582 - 14/16073

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
03.07.2014

Statusrapport 2013-2014 lokalt trafikktryggleiksarbeid i Lindås kommune i samband med tilskot. Ny søknad for tilskot til vidare arbeid.

Vi visar til hyggeleg samtale den 30. juni og tidlegare korrespondanse, seinast vårt brev av 6. mai 2013.

Lindås kommune vart i 2013 som kjend utnemnt til «Årets trafikktrygghetskommune» i saman med Austrheim kommune og fekk tildelt ein pris pålydande kr 500.000.- Lindås har i tillegg etter søknad fått ein halv million kroner som tilskot til lokalt trafikktryggleiksarbeid. Ein skal i dette notatet prøve å gi ein status på kva Lindås kommune har gjort til no og skissere opp vidare naudsynte milepælar som vi meiner må stettast for å halde oppe fokuset på dette viktige arbeidet. Sistnevnte formulert i ny søknad om tilskot til vårt førebels 3 årige TS prosjekt.

Status

Kick—off aksjonen «Synleg i mørke»

Hausten 2013 vart det oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå politi, brann, Lindås kommune og Trygg Trafikk med føremål om å få laga eit «kick-off» for dette arbeidet og å få synleggjort for den politiske leiinga og innbyggjarane i kommunen korleis ein har tenkt å nytta desse midlane. Det har vore fleire planleggjingsmøter i denne gruppa, og det som kjennteiknar samarbeidet her er den gjensidige tilliten og respekta som er på tvers av etatane, noko som vi i Teknisk drift vurderer som det unike i trafikktryggleikssamarbeidet i Nordhordaland og som gjer resultatlar i arbeidet.



Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Planleggjinga munna ut i eit kick-off møte med tema «Synleg i mørke» på Knarvik ungdomsskule den 17. desember 2013, der 6. klassingane i kommunen vart plukka ut som målgruppe og invitert til møtet. Dei lokale avisane vart inviterte til møtet der både ordførar, politi og brannvesen hadde sine innlegg.

Målet var å prøve å så noen frø i å skape lokale trafikktryggleiksambassadørar som kan påverke mor og far og venner, jfr vedlegg. For å gjere det litt meir spanande fekk vi **Andreas Bakkerud** til å halde eit innlegg om korleis ein profesjonell rallykøyrar ser på trafikktryggleik generelt og synlegheit i trafikken spesielt. Bakkerud er kjend som ein ung framadstormande rallykøyrar frå lokalmiljøet som mange ungdommar kjenner. Dette trur vi var spanande for 6. klassingane! Møtet vart runda av med å presentere ein konkurranse der elevane vart inviterte til å designe refleksar som skal i produksjon til neste mørkesesong. Premiene for dei tre beste forslagene var 3 nyinnkjøpte sykklar, og desse blei vist på samlinga. Refleksluar og refleksband som vart kjøpt inn i forkant og vart delt ut til elevane ved utgangen.



Økonomi prosjektnr T560

Refleksluar, 250 stk	kr. 30 000.-
Busstransport skuleelevar	kr. 4000.-
Diverse refleksutstyr 1000 stk	kr. 30 003.-
Sykkelpremier reflekskonkurranse	kr. 7860.-
Løn prosjektleiar (50 %) apr, mai og juni	kr. 48 581.-
Totalt pr 1. juli 2014	kr. 120 444.-



Alle prisar eks mva.

Allereie etablerte arrangement

Russearrangementet

Dette er eit årleg arrangement for avgangselevane i Nordhordland. Arrangementet har ein utedel og ein innedel. I utedelen får elevane se eit slepp av ein bil frå ein høgde på 30 m. Høgda svarer til ein kollisjon i 80 km/t. Deretter går alarmen til nødetatane som synar korleis personane vert frigjort frå ulykkesbilen (kalt hurtigfrigjering), demonstrasjon av hurtigfrigjering utførast av brannvesen, politi og ambulanse. Etter demonstrasjonen får elevane sjå på skadestaden og snakke med redningspersonell.

I Innedelen møter ungdomane pårørande og involverte som fortel sine historier om korleis livet brått kan få ein tragisk vending og kordan det er å leve med sorga, smertene, i tillegg kontakten med



forsikringsoppgjær og det offentlege i etterkant av ein slik tragedie. Brannvesenet fortel og om jobben som redningspersonell om korleis dei opplever det å kome til skadestaden. Det vert også vist film og det vert kulturelle innslag frå elevane.

Målet med arrangementet, er å gje informasjon om trafikktryggleik til ungdom. Ungdom er meir utsatt for trafikkulykker og i russetida er det spesielt mange "ferske" sjåførar, og det er ofte alkohol og seine netter.

Målet er og å få ungdomane til å forstå at når dei køyrer uforsvarleg og tar sjansar i trafikken, er det fleire enn dei sjølve som blir berørt av ein eventuell ulykke. Og at tida etter ei ulykke kan verta veldig tøff, både for den det gjeld og for familie og venner, sjølv om ein overlever.

Det er og viktig at det er "greit" for passasjerar å gje beskjed til sjåføren når han/hun tar unødvendige sjansar.

Knarvikmila

Under ungdomsløpet i Knarvikmila, er det representantar frå brann, politi, ambulanse og Trygg trafikk som møter ungdomen og pratar med dei. Trafikktryggleik og haldningsskapande arbeid er målet. Det vert vist film og gitt ut materiale.

Trafikksikring og oppfølging av TS-plan

Lindås kommune sin godkjente TS plan er frå 2010. Den er utforma som ein kommunedelplan og er såleis gjeldande fram til 2022, med revisjonar. Vi har på dei 4 åra som er gått fått fullført manganen tiltak i planen. Både fysiske og haldningsskapande tiltak. Vi har vald å ikkje prioritere kostnadskrevjande tiltak, slik at vi har klart å få utføre TS tiltak, godkjente i planen, der vi har hatt anna aktivitet i området. Dette har vore positivt i og med at vi har fått utretta mykje. I tillegg har vi hatt gode politiske prosessar som har gjeve oss midlar til å handtere strakstiltak i planen. Så arbeidet med oppfølging av TS planen går jamt og sikkert framover. Vi har nyleg motteke 66 000,- frå fylkeskommunen, etter søknad, til «mindre fysiske trafikksikringstiltak», noko vi får utført endå to tiltak med. Vi ser at med å ha TS arbeid i tankane i alle ledd når vi jobbar i kvardage, gjev resultat.

I og med at vi nå har fått på plass TS koordinator som ynskt, så har ein også fått endå betre fokus på haldningsskapande TS arbeid i kommunen. Vi har også i ei slik stilling fått ein persom som «samlar trådane» og heldt trykket oppe. Nettopp fordi vi ser at kontinuiteten og trykket på slikt arbeid er svært viktig.

Vi er stolte av det vi nå har fått til.

Aktuelle tema i det vidare arbeidet

«Sikring av born i bil», mot helsestasjonane i Nordhordland: Vi har starta arbeid mot helsestasjonane, med mål om å få innpass til å kurse dei, i tillegg til at dei i større grad ser viktigheita av å informere småbornsmødre om sikring av barn i bil. I tillegg ynskjer vi å **følgje opp** Helsestasjonen underveis og i etterkant.

VK arrangement: Dei elevane som går den yrkesretta utdanninga, fell utanfor arrangementet som vert halde for russen og det haldningsskapande arbeidet som vert gjort der. Vi ynskjer å nå så mange som mogeleg i den mest utsatte aldersgruppa. Vi tenker difor ein «light-versjon» av russarrangementet, ikkje så omfattande, men like slagkraftig. Vi tar da arrangementet året før de går ut i lære.

Russearrangement - konsulentvirksomhet: Vi har eit etablert og velfungerande russearrangement, og ynskjer å invitere andre kommunar, for at dei skal bli inspirert til å gjennomføre eit tilsvarande arrangement på sin heimstad. Her tenkjer vi å inspirera og å vere start hjelpare.

Paragraf 34 opplæring, - mot helse, psykisk helse og rus: Dette er ein paragraf som vi opplever ikkje vert tatt nok omsyn til i det haldningsskapande arbeidet. I dei fleste trafikkulykker er rus med i bilete. Vi ynskjer å få sleppa til i dei organ som har med «rusgruppa» å gjere, å gi informasjon om kva slags konsekvensar det får om ein er «slepphendt» i høve til denne paragrafen.

Logo (profilering/marknadsføring av TSU): TSU ynskjer i større grad å profilere/marknadsføre oss, for å vise kva foreninga står for, og bli meir synleg.

Trafikkskoleopplæring: Vi ynskjer å drive haldningsskapande arbeid opp mot dei som tar førarkort for fyrste gong. Vi ynskjer å få i stand ein kontakt med trafikklærarane, at TSU kjem inn og heldt kurs for dei.

«Gladkontroll»: I samarbeid med det lokale Politi, stansar vi bilar langs vegen, ser om sikringa i bilen er tilfredsstillande: til dømes sikring av born, refleksvest, sikring av bagger o.a. Vi rettleiar dei, og gir «gåvar» for enda betre sikring (som til dømes beltestrammare, sitjepute, refleksvest o.a), og premiar for dei som har god sikring i bilen. Vi søkjer derfor om pengar til innkjøp av gåvar/premiar (helst med logo).

Reflekskampanje: Ikkje opp mot skolane, sidan Trygg trafikk allereie har eit bra opplegg. Jobber i staden ut mot lokalbefolkninga generelt. Skaffe «refleksambassadørar» i yrkesgrupper som taxi, buss, heimetenesta o.a som delar ut refleksar for oss.

Studietur: TSU har jobba aktivt i 8-år med forebyggjande trafikkarbeid, og treng å få inspirasjon til vidare arbeid (t.d. Boye).

Driftsutgifter: Kompensasjon/refusjon for utgifter til bil/løn/utstyr mm.

Kursing av blålysetatar : Har ikkje komme frem til noko endeleg tema.

Gunn Torhild Ramslien som i dag er deltidsansatt i brannetaten har sagt seg villig til å ta jobben som TS koordinator og gå inn i full jobb, med 50 % av stillinga som TS koordinator og 50 % i brannetaten. Dette synest Teknisk drift er strålande og ei unik mogelegheit til å få dette arbeidet i boks.



Ny søknad om tilskotsmidlar

Som nevnt her og i vårt brev av 6. mai 2013 er det naudsynt med kontinuitet i TS arbeidet og spesielt innanfor haldningskapande arbeid, og kommunen har ikkje hatt dei ressursane til å rå over dette viktige arbeidet. For å oppretthalde det høge fokuset trafikktryggleiksarbeidet har i kommunen vert det nå søkt om ytterlegere tilskotsmidlar mellom anna for å finansiere ei prosjektstilling i 50 %.

Det vert søkt om **kr. 1.000 000.-**

Stillinga finansierast med ca kr 700 000.- medan resten setjast av til kampanjer, undervisningsmateriell og til søkbare midlar for lag/organisasjonar som har eitt godt TS prosjekt dei kan søkje støtte til .

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Reflekskonkurransen og ambassadøraksjon

Kopi til:

Vegdirektoratet

Postboks 8142 0033
Dep

OSLO

Mottakarar:

Det kongelige
Samferdselsdepartement

Postboks 8010 0030
Dep

OSLO